

Rullepark Gimle Skule, Fyresdal

Forstudie mai 2025

Birgith Reinskås Lunden og Monica Sølyst, Høgde AS
I samarbeid med Betongpark AS

iHØGDE!



Innholdsliste

Prosjektbestilling og mål

Bakgrunn

Situasjonsanalyse

Medverknadsprosess

Betongpark AS

Konsept og skisser

Samspillsentreprise

Vidare prosess

Kostnadsestimat

Føreord

Takk til Fyresdal kommune og Hilde Martini Momrak for eit spanande oppdrag.

I leveransen har Høgde AS vore prosjektleiar, henta inn informasjon, leia medverknadsprosessen og utarbeida rapporten. Betongpark AS ved Kasper Helle og Dominic Alden har utvikla konseptet og gjort alt skissearbeid.

Fyresdal, 15.05.2025

Monica Sølyst og Birgith R. Lunden

Prosjektbestilling

Forstudien er sett i gang for å kartlegge
moglegheiter for ein rulle-/skatepark (heretter
rullepark) ved Gimle skule i Fyresdal.
Oppdragsgjevar er Fyresdal kommune

Mål for prosjektet

- Kartleggje behov hos barn, unge og andre brukarar
- Utvikle forslag til korleis området kan takast meir aktivt og inkluderande i bruk
- Utarbeide enkle skisser for anlegg
- Undersøkje tekniske og fysiske føresetnader
- Leggje grunnlag for søknader om finansiering og vidare planlegging

Bakgrunn

- Området ved Gimle skule har ei eksisterande skateflate og enkelte element, men det er fragmentert, utdatert og lite inkluderande.
- Lokale eldsjeler og særleg skuleborn har meldt inn behov for å utvikle området til ein heilskapleg og attraktiv rullepark.
- Fyresdal har ein tradisjon for å satse på inkluderande og nyskapande nærmiljøanlegg.
- Forstudiet er eit viktig steg mot å skape eit anlegg til glede for barn, ungdom, familiar og besøkande – året rundt.



Foto: Google streetview

Situasjonsanalyse

Plassering og omgjevnader:

- Området ligg midt i eit samanhengande aktivitetsområde, rett ved:
 - Gimle skule
 - Barnehage og SFO
 - Svømmehall, gymsal og kulturhus

- Kort veg frå sentrum og bustadfelt, godt synleg og tilgjengeleg

Adkomst og parkering:


- Enkel adkomst frå Landstadvegen og Fyresdalsvegen
- God kapasitet for parkering, både for gåande, syklende og bilar
- Nær busshaldeplass og gang-/sykkelveg

Strategisk plassering i reiselivssatsinga:

- Ligg langs vegen mot Hamaren aktivitetspark og Tretoppvegen
- Potensial for bruk også av besøkande og turistar

Utfordringar og avklaringar:

- Området har dårleg drenering og våt grunn – krev grundige grunnundersøkingar før vidare planlegging og investering
- Treng ytterlegare informasjon frå kommunen om ledningskart, kablar og teknisk infrastruktur



Kart: kommunekart.no

Medverknadsprosess

Gjennomført april 2025:

- Deltaking frå 4., 7., 8. og 9. klasse, SFO, lærarar og barnehagen
- Bruk av inspirasjonsbilete og kart i dialog
- Innsamling av idear og behov frå elevar og tilsette
- Tydelig ynskje om eit meir variert og inkluderande anlegg, med betre tilrettelegging for både sykkel, sparkesykkel og skateboard
- Innspel på sosialt innhald: møteplassar, natur, mat og tryggleik
- Ønske om å kunne bidra sjølve til bygging av enkelte element



Foto: Fyresdal kommune

OPPSUMMERING INNSPEL MEDVERKNAD

Rullepark og aktivitetsflater

Sterkt ønske om ei rullepark tilpassa sykkel, sparkesykkel og skateboard

Glatt betongflate er føretrekt framfor asfalt og grus

Ønske om pumptrack, bowl, rails og halfpipeline

Små og store hopp – tilpassa ulikt ferdighetsnivå

Ønske om å bygge egne element som jordhopp og småhopp

Forslag om sykkelsti med grus og hopp

Behov for eigen sone for nybyrjarar og mindre barn

Ønske om aktivitetar for både jenter og gutar

Mangfald i aktivitetstilbod

Nedgravd trampoline, stor og trygg

Ønske om tuftepark, turnstenger, ringar, klatrevegger og brannmannsstang

Frisbeegolf og paddelbane foreslått som tillegg

Sambruk og møteplassar

Behov for å skape ein sosial arena for alle aldersgrupper

Forslag: Benkar og bord, gjerne med tak

Samlingsplass med bålsted og grill

Låsbart skap eller utstyrsbod

Drikkestasjon/vasspost

Musikkzone eller sone for sosialt samvær

Frukttre, bærbuskar, grønnsakshage

Ønske om små leikehytter for rolleleik

Tryggleik og tilgjenge

Ønske om klar soneinndeling for å unngå konflikter mellom brukargrupper

Informasjonsskilt og reglar for bruk

Forslag om klokke/tidtaking for rettferdig bruk

Mange peika på problem med vassansamling og dårleg drenering

Viktig at grus ikkje ligg inntil betongelement

Eksisterande element – vurderingar

Grindebygget blir brukt, men kan flyttast

Leikeapparata opplevast som keisame av dei eldste borna

Rampa blir brukt, men har avgrensa nytte

Jordhopp og akebakke er populære – ønske om utviding

Benkar treng fornying

Kreative idear og tilleggsynskje

Vaffelbu/salsbod kombinert med "plukk bær og lag ditt eige syltetøy«

Utstyrslager/lånesentral for hjelm, knebeskyttarar m.m.

Minnehjørne – mjuk og stille sone

Design som er inkluderande for både små og store, også rullestolbrukarar

Betongpark AS

Om Betongpark:

- Noregs leiande fagmiljø innan betongbaserte skate- og rulleanlegg
- Har levert anlegg i heile landet og har høg kompetanse på inkluderande og berekraftige løysingar
- Har blitt kontakta av Høgde AS
- Har utarbeidd skisser og forslag til disponering av området ved Gimle skule
- Er ein aktuell samarbeidspartnar i vidare utvikling og realisering av prosjektet



Foto: Betongpark AS

Konsept – eit levande og sosialt nærmiljøanlegg



Prosjektet er først og fremst utvikla for å bidra til **auka trivsel og samhald** i nærmiljøet. Betongpark har lagt vekt på å skape eit anlegg som kombinerer aktivitet med sosiale møteplassar og høg estetisk kvalitet.

Målsetjing

- Skape arenaer for kreativ bruk og allsidig aktivitet
- Gje eit tilbod som fungerer både i skuletida og på fritida
- Tiltrekke både lokalbefolkning og gjester til Fyresdal
- Inspirere til bevegelse og fellesskap – året rundt

Hovudelement

- Stor skatepark på ca. 800 m² i betong, med varierte element
- Mellomstor pumptrack (mogleg å justere i storleik)
- Trampoliner integrert i bakken
- Gapahuk med plass til heil skuleklasse og langbord for samling
- Mange gode "hangouts" og sittegrupper fordelt i området

1.2 FYRESDAL ACTIVITY PARK MASTERPLAN




Activity park area = 3600m²
Skatepark area = 870m²
Pump track area = 250m²

KEY

- 1 Skate plaza
- 2 Bowl with jump ramp
- 3 Retained play area
- 4 Callisthenics/work out zone
- 5 Trampoline playground
- 6 Table tennis zone
- 7 Pump track
- 8 Gapahuk and BBQ hangout zone



1.3 PUMP TRACK AND DIRT JUMP PRECEDENT IMAGES



1.4 HANGOUT, HUT AND BBQ PRECEDENT IMAGES



Fotoillustrasjon: Betongpark AS

1.5 PING PONG, PETANQUE AND FITNESS PRECEDENT IMAGES



Fotoillustrasjon: Betongpark AS



1.6 SKATEPARK PRECEDENT IMAGES



Vegen vidare - samspelsentreprise

Ei samspelsentreprise er ein gjennomføringsmodell der byggherre og entreprenør inngår eit tett samarbeid frå tidleg fase av prosjektet.

Dette inneber at entreprenøren blir involvert allereie i forprosjektfasen for å bidra med sin kompetanse i planlegging, prosjektering og kostnadsestimering.

Målet er å utvikle løysingar som er kostnadseffektive, gjennomførbare og tilpassa behova til brukarane.

Fordelar:

- Tidleg involvering av entreprenør gir betre løysingar og kostnadskontroll
- Felles mål og openheit reduserer risiko for konflikhtar
- Fleksibilitet til å tilpasse prosjektet undervegs



Vidare prosess ved samspelsentreprise

Fase 1: forprosjekt og planlegging

I denne fasen samarbeider partane om:

- Grunnundersøkingar og tekniske avklaringar
- Utarbeiding av skisser og funksjonsbeskrivingar
- Kostnadsestimering og utarbeiding av målpris
- Finansieringsplan og søknader om støtte

Fase 2: Bygging og gjennomføring

Dersom forprosjektet konkluderer med at prosjektet er gjennomførbart og finansieringa er på plass, går ein vidare til byggjefasen.

Her held samarbeidet fram med fokus på å realisere prosjektet innanfor avtalt målpris og tidsramme.

Kostnadsestimat

Estimert kostnad fase 1

230 000 kr + mva

Dette inkluderer:

Utarbeiding av skisser og funksjonsbeskrivingar

Kostnadsestimering og utarbeiding av målpris

Finansieringsplan og søknader om støtte

Grunnundersøkingar og tekniske avklaringar kjem i tillegg

Finansiering

Vi foreslår å søke forprosjektmidlar gjennom private stiftingar eller fylkeskommunale ordningar.

Estimat totalt

Betongpark har erfaring frå mange ulike anlegg i heile Norge. Basert på området og foreslåtte aktivitetsflater i skissa, kombinert med erfaringstall frå liknande prosjekt, har Betongpark estimert ein totalpris frå der prosjektet står i dag, fram til realisering.

Estimert totalpris +/- 9 millionar kroner

Estimatet baserer seg på ein samspelsentreprisemodell.

Finansiering

Erfaring frå liknande prosessar viser at ekstern finansiering i mange tilfeller er over 80%. Aktuelle finansieringskjelder er spelemidlar, private stiftingar og lokalt dugnadsarbeid.